

Soknerådsmøte i Moster sokneråd tysdag 15.11.2022 kl.19

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Per Harald Gjerde, Marta Fauskanger Ekberg, Elin Taranger, Camilla Rubach, Heidi Torkelsen Fagervik og Aksel Lygre

Varamedlemmer vart også innkalla til fotografering i kyrkja 18:30 i samband med jubileumsbok. Møtet vart halde hjå Elin kl.19:00.

Sak 86 – 2022 Godkjenning av møtebok frå 18.10.22 og innkalling.

Møtebok og innkalling godkjend.

Sak 87 – 2022 Oppfølging av tidlegare saker.

*Temakveld – evaluering av temakveld 10.11.22. Meir folk enn vanleg. Om lag 60 stykker

***Misjonsmøte 24.10. i Moster kyrkje. Evaluering.** Det vart ikkje informert i tilstrekkeleg grad om bakgrunnen til den afrikanske biskopen som var der. Ein del av teologien hans var framand for mange av dei frammøtte. Forslag til tema: Handspålegging og bøn for sjuke

***Kurs for nye medarbeidarar på lyd og bilete. Rekruttering av nye medarbeidarar.**

Sjå sak 16 og 17 i februar-møte. Kvar står sakene? Saka står som før

***Søknad om støtte til 150-årsjubileet frå SR-bank:**

Kvar står saka? Kven utgjør arbeidsgruppa me gjorde vedtak om? Frist for søknad 15/3. Kan søkje mellom 19/2 og 19/3 Forslag om å kjøpe inn nye bord og anna naudsynt materiell.

***Skap til teknisk utstyr.**

Kvar står saka? Søknaden er sendt til biskopen.

***Støtte til matkassar for frivilligsentralen.**

5000 er bevilga + offer julekonserten. Kva skal stå på facebook? Elin orienterte. Det vart bestemt å kople diakonen på saka, sidan ho allereie er involvert.

***Soknerådssal 2023.** Kvar står saka? Valkomiteen har hatt møte. Mange namn kom opp

Sak 88 – 2022 Prioriteringsliste til kyrkjevevje.

Kasserar og sokneprest legg fram forslag.

Vedtak: Behovslista vart vedteken med desse endringane: Punkt 5 og punkt 6 byter plass.

Miksepult vert bytt ut med fiolett messehaket

Sake 89 – 2022 Forslag til budsjett for soknerådet i 2023.

Kasserar orienterte og la fram forslag.

Vedtak: Soknerådet takkar kasserar for eit godt arbeid med budsjettet. Forslaget vart vedteke med små endringar.

Sak 90 – 2022 Forslag til temakveldar våren 2023.

Komiteen la fram program. Kveldane vert 19.01; 22.02; 16.03; 20.04.

Vedtak: Tema for temakveldane til våren vart presentert.

Sak 91 – 2022 Tverrkyrkjeleg markering av kristenretten. Danning av førebels selskap.

Aksel orienterte. Skal Moster kyrkjelyd vera ein del av dette selskapet?

Vedtak: Ut i frå den økonomiske situasjonen vår, sluttar me oss til selskapet med 5000 kroner pr. år. Dette kjem i tillegg til årskontingenten på kr. 2500

Sak 92 – 2022 Kvartalsrekneskapen 3.kvartal.

Vedtak: Kvartalsrekneskapen 3. kvartal vart teken til vitande

Sak 93 – 2022 Ynskjer me kunstig juletre i kyrkja?

Vedtak: Soknerådet ynskjer eit ekte juletre, og syter for at juletreet vert sett på plass og pynta.

Sak 94 – 2022 Korleis kan me auka engasjementet i trusopplæringa?

Vedtak: Soknerådet utset saka til neste soknerådsmøte

Sak 95 – 2022 Har me behov for ein dugnadsdag i kyrkja?

Vedtak: Soknerådet går inn for ein dugnadsdag/reinhaldsdag i kyrkja til våren. På møtet i januar vert datoen setla.

Sak 96 – 2022 Referat og meldingar

Orgelkomiteen.

Trusopplæringsutvalet

Diakoniutvalet

Jubileumsbok-komiteen

Estlandskomiteen

Straumkrise. Sparing gjeld framleis

Frå fellesråd og administrasjon

Prostimøtet og avskil med biskopen. Fin samling.

Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Sak 97 – 2022 Ymse

Per Harald Gjerde

Skrivar